Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85 | Fylke: Buskerud
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hemsedal
Emne: Tradisjonar om jeger og jaktdyr | Bygdelag.
Oppskr. av: | Gard:
(adresse): | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

## Tradisjonar, tru og segner om veiing og dyr.

Om emnet jakt og det som har samanheng med det, veit eg lite å fortelja. I min barndom var det ikkje mykje av jakt, slik ho arta seg frå gamalt, og heller ikkje kjende eg nokon kjend veiar eller skyttar. (Men dei byrja ved denne tid å leige bort jaktrettane sine til byfolk).

Litt av det vesle eg veit, kjem her:

„Uskrivne" jaktlover høyrde eg ikkje om - i alle fall merka eg meg det ikkje som smågut. Sundagsjakt trur eg ikkje det var noko større av. Dei kvilde frå alt arbeid på sundagen.

Åtgjerder og varsel vedkomande jakta høyrde eg ikkje om (men for det kunne det godt ha funnest slikt frå gamalt).

Som eit veikt minne sit det i meg at dei skar naseleppen av harar dei fanga. men eg høyrer ikkje seia noko meir om denne skikken. Han gjekk i alle fall or bruk.

14 For å skræme rovdyr (t.d. bjørn) som var etter buskapen, nørde dei opp eld ute på setervollen. ~~Bardl~~ Bestemor mi fortalde om eit slikt tilfelle frå sin barndom. Og ein

16567

gong bjørnen var etter krøtera, kleiv mor hennar opp på eit løetak (på setera) og tok
å lemja og slå i løeveggen med eit sveg.
Om ei annan kone vart det fortalt at
då ho merka bjørnen i nærleiken av seter-
vollen, bar ho eit primgjetan og banka og slo
på han. Då vart bjørnen så redd at han tok
lauvet opp gjennom ungskogen (rune-skogen), ho
såg korleis skogen gav seg oppetter der bjørnen
for.

13/ , Også frå mi heimbygd vert det fortalt at
bjørnen er ute etter kvinner med barn for
å få tak i barnet. Ei segn seier (fortalt av mi
bestemor): Ein bjørn hadde fått tak i ein
gutunge på denne måten, at han opp og stelte
omhugsamt for han. Ein dag gjekk bjørnen
og guten på ei myr og åt molter. Der vart
bjørnen skoten, og då sa (!) guten: „No
skaut di han storegofa!" („Storegofa" =
storegodfar, godnamn på bjørnen).
Like ein vart den soga fortalt i mi
heimbygd: om mannen som ein eversdag vinter-
tida grev seg inn under ei gran, kjem inn i
eit bjørnebøl, og bjørnen lukkar seg innar
for at mannen skal få plass. Så dreg mannen
vidare dagen etter, ~~Xxxx~~ får skyttarar med
seg og driv bjørnen ut av hiet. Men då
bjørne kjem farande ut og ser denne mannen
mellom dei andre, set han beint på han
og drep han.

18/ Dei brende orm (hoggorm), og oska skulle vera
motgift mot ormebet. (Men det skulle vera
fyrste ormen dei såg om våren). Om dei gav denne
medisinen til dyr, har eg ikkje høyrt noko om.

24/ Tjetre bjørnen høyrde eg ikkje gjete. Derimot
var det somme ~~xx~~ som kunne „binde kjeften",

16567

vart det sagt. – 26/ Skjemmne börsa har eg ikkje höyrt tale om i mi heimbygd, men for det kan saka ha vore kjend.

28/ Kuler med sylv i har kanskje vore i bruk i mi heimbygd og, som mange andre stader, men eg kan ikkje minnast noko spesielt om det. –

30/ Det var ingen auke i rovdyrplagen under siste krig, det eg har höyrt. Heller ikkje har det vore noko umsyn sidan. (Men mins av elg og rådyr).

14-8-61.

Ola Rudvin

16567